



Ål kommune

Møteprotokoll

Utval: Sektorutval for kultur og oppvekst
Møtestad: Tingstugu - Hemsén
Dato: 31.10.2023
Tidspunkt: 09:00 - 13:30
Møteleiar: Anders Lunden Herfoss
Møtesekretær: Sissel Skrindo

Tilstades:

Navn	Funksjon	Medl.	Varamedlem for
Anders Lunden Herfoss	Leder	SP	
Björg Torsteinsrud	Medlem	SP	
Erlend Medgard	Nestleder	H	
Espen Karlsen	Medlem	H	
Ingunn Solberg Skalle	Medlem	AP	
Aslak Bøygard	Medlem	AP	
Sissel Urke	Varamedlem	V	Ingvild K Statuland

Desse møtte frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Markus Dvergastein	kultursjef
Sissel Skrindo	Kommunalsjef oppvekst

Merknad i møte:

Sissel Urke deltok i møte fram til kl. 12.30.

Møteprotokollen blir godkjent i neste møte

Saksliste

Utvalgs-saksnr.	Arkiv-saksnr.	Tittel
PS 75/23		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 76/23		Godkjenning av møteprotokoll 24.10.2023
PS 77/23	2023/2453	Ny avdeling i Torpo barnehage
PS 78/23	2023/2430	SUKO sitt innspel til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027
PS 79/23	2023/2443	Politiske representantar til SU ved skular og barnehagar 2023-2027
PS 80/23	2023/2442	Skuleruta 2024 - 2025
PS 81/23	2023/2464	Orienteringssaker - oppvekst 31.10.2023
PS 82/23	2023/88	Open post SUKO 31.10. 2023

PS 75/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 75/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Det kom ingen merknadar til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 76/23 Godkjenning av møteprotokoll 24.10.2023

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 76/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå 24.10.2023.

Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent.

PS 77/23 Ny avdeling i Torpo barnehage

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 77/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Det kom ingen nye framlegg.

Votering

Rådmannen si innstilling, alt. 1, vart samrøystes tilrådd.

Sektorutval for kultur og oppveskt si innstilling

Ål kommunestyre vedtek oppretting av auka barnehagekapasitet med opptil 24 plassar som ei mellombels løysing for perioden januar 2024 til og med juli 2025, ved å utvide Torpo barnehage med ei uteavdeling fysisk plassert ved Bakketun. Årleg kostnad inkl. lønn, husleige, reinhald og andre kostnader drift kr. 2.550.000 blir innarbeidd i budsjett 2024.

Administrasjonen blir beden om å vurdere behov for utviding av barnehagekapasiteten frå august 2025 i samband med budsjett for 2025.

PS 78/23 SUKO sitt innspel til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 78/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Kultur:

Framlegg frå Erlend Medgard (H):

60% teknisk stilling blir teke ut frå ramma (kr. 495.000), og blir i staden finansiert ved hjelp av intern omprioritering og auka inntekter ved Ål kulturhus.

2 frå H stemte for dette framlegget.

Framlegg frå Sissel Urke (V):

Avsatt kr. 50.000 til friviliuge lag og organisasjonar, og samstundes nedjustert sum avsatt prosjektstilling tradisjonskultur med kr. 50.000.

Samrøystes.

Oppvekst:

Framlegg frå Anders Herfoss (Sp):

Innarbeiding av kr. 220.000 til møteressurs i barnehagane innanfor ramma, dekt av disposisjonsfondet.

Samrøytes.

Framlegg frå Sissel Urke (V):

Innarbeiding av årleg investeringssum i økonomiplanperioden for heile Oppvekstsektoren til utskifting/oppgradering av uteområde ved skoler/barnehagar.

Samrøytes.

Etter innspel frå Aslak Bøygard (Ap):

Administrasjonen blir beden om å vurdere om det er moglegheit for at legatmidlar kan nyttast til finansiering av språkressurs i Sundre barnehage og/eller auka tilskot til Polen-tur.

Samrøytes.

Framlegg frå Erlend Medgard (H):

Auka grunnbemanning i barnehagane kr. 1.900.000 blir innarbeidd i budsjett -24, finansiert ved disposisjonsfondet.

Samrøytes.

Framlegg frå Ingunn Skalle (Ap):

Auke årleg tilskot til Polen-turen med kr. 50.000, finansiert ved disposisjonsfondet.

6 stemmer for, 1 stemme mot Bjørg Toresteinsrud, Sp).

Vedtak

Budsjett kultur:

1. Framlegg frå Sissel Urke (V) samrøystes tilrådd:

Avsatt kr. 50.000 til friviliuge lag og organisasjonar, og samstundes nedjustert sum avsatt prosjektstilling tradisjonskultur med kr. 50.000.

Budsjett oppvekst:

1. Framlegg frå Anders Herfoss (Sp) samrøytes tilrådd:

Innarbeiding av kr. 220.000 til møteressurs i barnehagane innanfor ramma, dekt av disposisjonsfondet.

2. Framlegg frå Sissel Urke (V) samrøytes tilrådd:

Innarbeiding av årleg investeringssum i økonomiplanperioden for heile Oppvekstsektoren til utskifting/oppgradering av uteområde ved skoler/barnehagar.

3. Innspel frå Aslak Bøygard (Ap): samrøystes tilrådd:

Administrasjonen blir beden om å vurdere om det er moglegheit for at legatmidlar kan nyttast til finansiering av språkressurs i Sundre barnehage og/eller auka tilskot til Polen-tur.

4. Framlegg frå Erlend Medgard (H) samrøystes tilrådd:

Auka grunnbemanning i barnehagane kr. 1.900.000 blir innarbeidd i budsjett -24, finansiert ved disposisjonsfondet.

5. Framlegg frå Ingunn Skalle (Ap) tilrådd mot 1 stemme (Bjørg Torsteinsrud, Sp):

Auke årleg tilskot til Polen-turen med kr. 50.000, finansiert ved disposisjonsfondet.

PS 79/23 Politiske representantar til SU ved skular og barnehagar 2023-2027

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 79/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Framlegg til SU-medlem til følgjande skular og barnehagar:

Nordbygdene skule: Ingunn S Skalle

Nordbygdene bhg: Ingunn S Skalle

Nedre-Ål skule: Espen Karlsen

Sundre barnehage: Aslak Bøygard

Skattebøl skule: Erlend Medgard

Skattebøl barnehage: Ingvild K Stautland

Torpo skule: Anders L Herfoss

Torpo barnehage: Anders L Herfoss

Sando barnehage: Bjørg Torsteinsrud

Ål ungdomsskule: Aslak Bøygard

Ål kulturskule: Ingunn S Skalle

Dersom SUKO-medlem ikkje kan møte, prøver medlemmet å finne vara innanfor eige parti eller vara-lista for SUKO.

Vedtak frå Kommunestyre (64/15) 17.mai-nemnd

SUKO vel inn ein av sine medlemmer eller varamedlemmer for dei to åra som står att av kommunestyreperioden.

Ved konstitueringa av neste politiske utval for kultur og oppvekst (hausten 2019), vel utvalet nytt medlem og om vedkomande skal veljast for to eller fire år.

Møtet gjorde framlegg om **Ingvild K Stauland**.

Votering

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sektorutval for kultur og oppvekst vel desse som SU-medlem til følgjande skular og barnehagar:

Nordbygdene skule: Ingunn S Skalle

Nordbygdene bhg: Ingunn S Skalle

Nedre-Ål skule: Espen Karlsen

Sundre barnehage: Aslak Bøygard

Skattebøl skule: Erlend Medgard

Skattebøl barnehage: Ingvild K Stautland

Torpo skule: Anders L Herfoss

Torpo barnehage: Anders L Herfoss

Sando barnehage: Bjørg Torsteinsrud

Ål ungdomsskule: Aslak Bøygard

Ål kulturskule: Ingunn S Skalle

Dersom SUKO-medlem ikkje kan møte, prøver medlemmet å finne vara innanfor eige parti eller vara-lista for SUKO.

Vedtak frå Kommunestyre (64/15) 17.mai-nemnd

SUKO vel inn ein av sine medlemer eller varamedlemer for dei to åra som står att av kommunestyreperioden. Ved konstitueringa av neste politiske utval for kultur og oppvekst (hausten 2019), vel utvalet nytt medlem og om vedkomande skal veljast for to eller fire år.

Møtet gjorde framlegg om **Ingvild K Stauland**.

PS 80/23 Skuleruta 2024 - 2025

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 80/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Det kom ingen nye framlegg.

Votering

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.vedteke.

Vedtak

Sektorutval for kultur og oppvekst vedtek følgjande skulerute for 2024 – 2025:

SKULERUTE FOR SKULEÅRET 2024/2025

Månad	Tal dagar	Ferie og fridagar / Merknader
August	10	Fyrste skuledag måndag 19.08.
September	20	
Oktober	19	Haustferie måndag 30.9 - fredag 4.10.(veke 40)
November	20	Fri fredag 15.11. Fri for elevar, felles plandag for lærarar
Desember	15	Juleferie f.o.m. måndag 23.12.
Januar	22	Juleferie t.o.m. onsdag 1.1.
Februar	15	Vinterferie 24.2. - 28.02. (veke 9)
Mars	21	
April	16	Påskeferie måndag 14.4. til og med måndag 21.4.
Mai	19	Fri torsdag 1.5., torsdag 29.05. (Kr. Himmelfartsdag), fredag 30.05.
Juni	13	Fri måndag 9.6. (2. pinsedag), siste skuledag torsdag 19.06.
Sum	190	

PS 81/23 Orienteringssaker - oppvekst 31.10.2023

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 81/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

Det vart orientert om desse sakene:

1. Orientering personellsituasjon Nedre-Ål v/Magnhild Storøygard (kl 09.00)
2. Orientering om personellsituasjonen ved Ål ungdomsskule v/Gjermund Flaget kl. 10.00
3. Orientering (notat) SFO Skattebøl – ligg vedlagt
4. Skulemat med sosial innovasjon og samskaping
5. Orientering om tilsyn i barnehagane ved Veronica Magnetun Wilhelmsen (kl. 10.15)
6. Orientering om søknad frå Stiftelsen Tid
7. Søknad ÅL IL: Rådmannen utarbeider politisk sak ift denne søknaden.

Vedtak

1. Orientering personellsituasjon Nedre-Ål v/Magnhild Storøygard (kl 09.00)

SUKO ber administrasjonen utarbeide sak til desember-møtet -23 vedr. personellsituasjonen ved Nedre-Ål skule, moglege prioriterte tiltak og konsekvensar.. SUKO ber administrasjonen sjå dette i samanheng med Oppvekst 2030 og utarbeiding av personalpolitisk handlingsplan.

2. Orientering om personellsituasjonen ved Ål ungdomsskule v/Gjermund Flaget kl. 10.00

Ingen vedtak vart gjort.

3. Orientering (notat) SFO Skattebøl – ligg vedlagt

SUKO ber administrasjonen utarbeide sak vedr. SFO i heile kommunen, og samstundes sjå dette samanheng med Oppvekst 2030.

4. Skulemat med sosial innovasjon og samskaping

Gjermund orienterte om evaluering frå elevane vedr. skulematordninga.

Ingen vedtak vart gjort.

5. Orientering om tilsyn i barnehagane ved Veronica Magnetun Wilhelmsen (kl. 10.15)

Ingen vedtak vart gjort.

5. Orientering om søknad frå Stiftelsen Tid

SUKO ber administrasjonen utarbeide sak til SUKO til møte i desember -23.

SUKO ber administrasjonen

1. innhente evaluering frå tilsette, herunder læringseffekt.
2. kostnader, evt. avkorting av søknadssum og konsekvensar

Samrøystes.

6. Søknad ÅL IL

Ingen vedtak vart gjort.

PS 82/23 Open post SUKO 31.10. 2023

Sektorutval for kultur og oppvekst har behandla sak 82/2023 i møte den 31.10.2023

Behandling

1. SUKO 21.11.23 blir flytta til fredag 24.11.23 kl. 09.00.
 2. SUKO ber administrasjonen om evaluering og status vedr 6 stk oppretta mijøarbeidarstillingar
 3. SUKO ynskjer å besøke alle avdelingar innan kultur og oppvekst for informasjon om alle avdelingare.
- Administrasjonen utarbeider ein plan for besøk på dei ulike møta.

